



# FUSA KOMMUNE

Finansdepartementet  
Postboks 8008  
**0030 OSLO**

Løpenummer : 15/1745  
Arkivkode : FE-200  
Sakshandsamar : Berit Fløisand  
Direktenr. tlf. : 56580118

Dato : 24.02.2015

Vår ref.:  
Saksnr.: 14/1374 - 5  
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

## HØYRINGSUTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE. OVERFØRING AV SKATTEINNREVIINGA FRÅ KOMMUNE TIL STAT.

Vedlagt følgjer Fusa kommune sin høyringsuttale, vedteken av formannskapet i møte 18.02.2015.

Med helsing

  
Berit Fløisand  
Rådmann

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.02.2015	Vedtak i sak 8 Formannskapet 0016 - 008_15 - UTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE VEDR. OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN FRÅ KOMMUNE TIL STAT.pdf	89802

# SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
008/15	Formannskapet	18.02.2015	BFL

Sakshandsamer: Berit Fløisand

Arkivsaknr 14/1374

## UTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE VEDR. OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN FRÅ KOMMUNE TIL STAT

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev sin fulle tilslutning til uttalen frå KS sitt hovudstyre.  
Saksutgreiinga skal følgja uttalen som vert sendt Finansdepartementet.

### HANDSAMING:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK :

Fusa kommune gjev sin fulle tilslutning til uttalen frå KS sitt hovudstyre.  
Saksutgreiinga skal følgja uttalen som vert sendt Finansdepartementet.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.01.2015	HØRINGSUTTALELSE FRA KS OM STATLIGGJØRING AV SKATTEINNKREVINGEN - FORSLAG	87401
06.02.2015	HØRINGSUTTALELSE - OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVING TIL STATEN	87402

06.02.2015	HØYRINGSBREV 1.12.2014	85543
08.12.2014	HØYRINGSBREV – OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVINGA	85542

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

Finansdepartementet har sendt på høyring forslag om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommune til stat.

Skattedirektoratet fekk 23. juni 2014 i oppdrag å greia ut korleis skatteinnkrevjinga (arbeidsgjevarkontroll, innkrevjing og føring av skatterekneskapen) kan organiserast i Skatteetaten for å oppnå betre og meir effektiv skatteinnkrevjing, samt betre arbeidet mot svart økonomi og arbeidsmarknadskriminalitet.

Skattedirektoratet sitt framlegg til organisering inneber at oppgåvene skal løysast på til saman 27 kontor, med 497 færre årsverk enn i dag. Stipulert innsparing er sett til kr. 370 mill. årleg. Skattedirektoratet foreslår følgjande organisering:

- Føring av skatterekneskapen vert samla på Lillestrøm, med ei underavdeling i Vadsø.
- Arbeidsgjevarkontrollen vert samlokalisert med skatteetaten sine kontor, lokalisert til 22 stader. For Hordaland vert dette Bergen.
- Innkrevjing vert sentralisert og lokalisert på 19 stader. For næringsverksemd vert det lokalisert på 5 stader. For Hordaland vert dette Bergen.
- Rettleiing, informasjon og arkiv vert sentralisert til skatteetaten si telefonteneste.

Skattedirektoratet sin rapport vart sendt til Finansdepartementet 24. november 2014 og departementet har lagt rapporten ut til høyring med høyringsfrist 02.03.15.

Viser til høyringsbrev av 01.12.2014 og til eige brev frå departementet til Fusa kommune av 04.12.2014, om at også vi er høyringsinstans i spørsmålet om å overføra skatteoppkrevjaren til Skatteetaten.

KS sitt hovudstyre handsama saka 21.01.2015. Høyringsuttalen følgjer som vedlegg i denne saka.

### **Vurdering:**

Rådmannen er samd i dei synspunkt som kjem fram i KS hovudstyre sin høyringsuttale av 21.01.2015. Denne er heilt i tråd med Fusa kommune sine vurderingar og erfaringar.

Vi framhevar særleg desse konkrete punkta når det gjeld Skatteoppkrevjarfunksjonen i Fusa kommune:

- Vi har ein løysingsgrad som er over 100 % av målkravet. Innanfor samanliknbare område som innkrevjing av arbeidsgjevaravgift og MVA har den kommunale innkrevjinga gjennomgåande betre resultat enn statleg, med ein kommunal løysingsgrad på 99,8% mot statleg løysingsgrad på 99,4%. Fusa kommune har vesentleg høgare løysingsgrad enn snittet for kommunane. Då det i denne samanheng er snakk om store beløp, vil sjølv små forskjellar i løysingsgrad kunna ha merkbar konsekvens for inntektene til Fusa kommune.

- Nærleiken til skatteobjekta forklarar dei gode resultatata i forskotsordninga og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Vi jobbar proaktivt og preventivt for å sikra at arbeidsgjevarane i Fusa kommune innberettar riktige grunnlag. Vår kontorkontroll inneber synleg og merkbar aktivitet overfor arbeidsgjevarane. Vi purrar når vi ikkje mottar oppgåver og vi kontaktar dei både pr. brev og pr. telefon når vi ser nokon har innberetta feil. Gjennom vår arbeidsgjevarkontroll avdekkjer vi eventuelle feil i innberetninga. Det er dette arbeidet og nærleiken til innbyggjarane, kombinert med forskotsordninga, som gjev dei gode resultatata vi har i dag.
- Vi meiner at vår nærleik til innbyggjarane og vår lokalkunnskap i stor grad bidreg både til suksessen når det gjeld forskotsordninga og når det gjeld dei gode resultatata for innkrevjing av dei andre skatteartane.
- Vår erfaring er at nærleiken til innbyggjarane også er viktig når det gjeld å hjelpe dei vanskelegstilte skattytarane, mellom anna dei som ikkje kan hjelpe seg sjølv eller som av andre årsaker ikkje kan ivareta sine egne interesser.
- Vi opplever at nærleik og forståing for dei lokale tilhøva bidrar til både lojalitet og legitimitet til skattesystemet.

Eit uttalt mål i kommunereforma er å *«flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner»* og *«vise mer tillit til lokalpolitikere og gi kommunene mer handlingsrom»*. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjaren sine oppgåver som tilseier at dei klart fell utanfor dei områda som skal handsamast i kommunereforma.

Rådmannen si tilråding er at Fusa kommune sluttar seg til uttalen frå KS sitt hovestyre.